

## OAC på barne- og ungdomskonferanse

OAC var invitert til barne- og ungdomskonferanse på Stord. Barne- og ungdomssekretær Marit HårklauÅdnanes fra Indremisjonssamskipnaden skriver følgende om helgen:



15.-16. januar var barne- og ungdomslagsleiarar samla til BULK, barne- og ungdomsleiarkonferanse på Brandøy. Stemninga undervegs, og evalueringskjema i etterkant viser at deltakarane har hatt ei flott helg med mykje bra undervisning og fellesskapet i fokus.

Hartvig Kloster, dagleg leiar og evangelist i OAC, hadde bibeltimane denne helga. Laurdagen var temaet "gå inn til Jesus". Her såg me på teksten om systrene Marta og Maria (Luk 10).

Hartvig minna oss om at det er mykje som er godt å vera med på. Men kva er viktigast? Kalenderen kan lett fyllast opp. Om eg skal gå inn til Jesus, må andre ting prioriterast bort. Det er ikkje berre viktig og godt å ta tid med Jesus, men som det står i teksten: "nødvendig." Hartvig, som eigentleg er utdanna bakar, illustrerte det heile med ein deig. Om me går i gong med å kna deigen og steikjer den med ein gong har me jo gløymt noko; hevinga! Slik må også me kvila/ta oss tid saman med Jesus for best mogleg resultat."

Gå ut for Jesus" var temaet søndagen, og me vart møtt med teksten om den samaritanske kvinna i Joh. 4. Korleis møter me menneske, var ein av utfordringane denne dagen. Jesus fordømte ikkje kvinna, v.16-18, men seier sanninga i kjærleik. Kvinna blir ikkje provosert, lei seg eller anna i møtet med Jesus, men ho blir oppglødd og vil at andre også skal møte denne mannen. Jesus seier sanninga i kjærleik. Menneske treng å høyra små vitnesbyrd frå vanlege menneske. Mange samaritanarar kom til tru då dei høyrde kvinna sitt vitnesbyrd. Gud har kalt kvar og ein av oss til å gå ut. Når du tener Jesus blir det som næring tilbake til di eiga tru, seier Hartvig.